

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

## Oppfølging - Selskapskontroll Bybanen AS

### Forslag til vedtak

- A1. Kontrollutvalet ber **fylkesdirektøren** komme med ny skriftleg status når det gjeld ferdigstilling av forvaltningsavtale mellom VLFK og Bybanen AS og bestilleravtale mellom VLFK/Skyss og Bybanen AS til møte i kontrollutvalet 13.06.2022.
- A2. Tilbakemeldinga vert å levere sekretariatet seinast innan 23.05.2022.
  
- B1. Kontrollutvalet ber om ny skriftleg status fra **Bybanen AS** når det gjeld ferdigstilling av forvaltningsavtale mellom Bybanen AS og VLFK og bestilleravtale mellom Bybanen AS og VLFK/Skyss til møte i kontrollutvalet 13.06.2022.
- B2. Tilbakemeldinga vert å levere sekretariatet seinast innan 23.05.2022.

### Samandrag

Denne saka er kontrollutvalet si fernte oppfølging av vedtak gjort i Hordaland fylkesting 01.10.2019, når det gjeld selskapskontroll av Bybanen AS.

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Roald Breistein  
seniorrådjever

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

### Vedlegg

- 1 Skriftleg status og tilbakemelding til kontrollutvalet - selskapskontroll Bybanen AS
- 2 Oppfølging etter selskapskontroll av Bybanen AS - fra BBAS
- 3 User manual - corrective maintenance for onboard equipment
- 4 Incidents skjema\_opplæring\_NO
- 5 Skjermbilde MOK-listen
- 6 Beredskapsplan - Administrativ del (1424)
- 7 Beredskapsplan - Operativ del (1425)
- 8 Tram release - implementation

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

**Fylkestinget i Hordaland fylkeskommune gjorde slikt vedtak i sak 67/19 i møte 01.10.2019:**

«På bakgrunn av gjennomført selskapskontroll av Bybanen AS ber fylkestinget **fylkesrådmannen** om å syta for at desse tilrådingane vert teke omsyn til i arbeidet som pågår med etablering av Vestland fylkeskommune:

1. Utarbeide ein eigarskapsstrategi for Bybanen AS
2. Sikre ei føremålstenleg budsjettoppfølging av Bybanen AS
3. Syte for at mandatet til valnemnda blir skriftleggjort
4. Sikre at grunngjeving av val av styremedlemmar blir skriftleggjort
5. Syte for at tilrådingane i evalueringsrapporten frå Karabin blir følgjt opp, og under dette koordinere og følgje opp arbeidet på ein planmessig måte for å sikre lik forståing av roller og ansvar i ny organisasjonsmodell
6. Bidra til å fullføre revidering av avtaleverket slik at det speglar ny organisasjonsmodell og klargjer grenseflatene mellom aktørane
7. Fylkestinget anmoder også om at fylkesrådmannen i Vestland fylkeskommune lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune innan 01.03.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

På bakgrunn av gjennomført selskapskontroll av Bybanen AS ber fylkestinget **selskapet** om å:

1. Utarbeide ein styreinstruks
2. Registrere styremedlemmar i styrevervregisteret
3. Avklare budsjettprosess med eigar, og syte for at rutinane for budsjettarbeidet blir skriftleggjort
4. Gjere ei dokumentert vurdering av nivå på driftsoverskot og sikre at eit ev. påslag er forankra hjå eigar og formaliserast i avtalen med fylkeskommunen
5. Vurdere tiltak for å sikre betre informasjonsflyt ved driftshendinger, inkludert:
  - a) Ferdigstille rutinar og prosedyrar knytt til intern informasjonsflyt i selskapet, og sikre at desse er kjende i organisasjonen
  - b) Bidra til å finne løysingar og å etablere prosedyrar for å sikre at relevant informasjon blir utveksla mellom Bybaneaktørane på ein effektiv og rasjonell måte.
6. Bidra til å fullføre revidering av avtaleverket slik at det speglar ny organisasjonsmodell og klargjer grenseflatene mellom aktørane
7. Fylkestinget ber også om at selskapet lagar ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune innan 01.03.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»

Denne selskapskontrollen har vore følgd opp 5 gonger til no, sist gong i møte i kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune 14.06.2021 der det vart gjort slikt vedtak:

- A1. Kontrollutvalet ber igjen **fylkesrådmannen** komme med ny skrifteg status på oppfølging av punkta 5 og 6 i selskapskontroll av Bybanen AS slik at den kan handsamast i møte i kontrollutvalet 26.10.2021.
- A2. Dersom forbetningsarbeidet ikkje er ferdig gjennomført på tidspunktet for tilbakemeldinga ber kontrollutvalet ber om å få oppgjeve tidspunkt for når det vil vera ferdig.
- A3. Tilbakemeldinga vert å levere sekretariatet seinast innan 05.10.2021.

Fylkesdirektør fekk på førespurnad til sekretariatet utsetting på levering i denne saka til 15.11.2021.

- B1. Kontrollutvalet ber om ny skriftleg status fra **Bybanen AS** på oppfølging av punkta 5 og 6 i den gjennomførte selskapskontrollen av selskapet slik at den kan handsamast i møte i kontrollutvalet 26.10.2021.
- B2. Tilbakemeldinga vert å levere sekretariatet seinast innan 05.10.2021.

Det kom ikkje svar frå Bybanen AS innan fristen som var sett i vedtaket over og purring vart send 12.10.2021. Då det framleis ikkje var motteke svar 11.11.2021 vart det send ny purring.

### Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å følgje opp vedtak i revisjonsrapportar, jf. kommunelova § 23-2, e.

### Vurderingar og verknader

#### Tilbakemelding frå fylkesdirektøren:

Sekretariatet har motteke vedlagte notat dagsett 12.11.2021 (vedlegg 1) frå fylkesdirektøren som viser status på oppfølging av denne selskapskontrollen. Tilbakemeldinga viser at fylkesdirektøren framleis ikkje er ferdig med oppfølging av punkt 5 og 6 i vedtaket frå fylkestinget 01.10.2019. Dette gjeld ferdigstilling av forvaltningsavtale mellom VLFK og Bybanen AS og bestilleravtale mellom VLFK/Skyss og Bybanen AS. Det går fram at dette arbeidet har vore gjort i et samarbeid med Bybanen AS men at det har teke lengre tid enn ønska. Vidare går det fram at arbeidet truleg vil vera ferdig innan april 2022.

På bakgrunn av dette bør kontrollutvalet igjen be om ny skriftleg status på arbeidet med desse avtalane til møte i utvalet 13.06.2022.

#### Tilbakemelding frå Bybanen AS

Sekretariatet har motteke vedlagte notat (vedlegg 2 - 8) dagsett 15.11.2021 frå Bybanen AS som inneholder status for oppfølging av denne selskapskontrollen.

Sekretariatet registrerer at forbettingsarbeidet ikkje er kome så mykje lenger enn ved forrige statusrapportering når det gjeld for punkta 5 og 6. Dette gjeld ferdigstilling av forvaltningsavtale mellom Bybanen AS og VLFK og bestilleravtale mellom Bybanen AS og VLFK/Skyss. Vidare går det fram at arbeidet truleg vil vera ferdig innan april 2022.

På bakgrunn av dette bør kontrollutvalet igjen be om ny skriftleg status på arbeidet med desse avtalane til møte i utvalet 13.06.2022.

### Konklusjon

Kontrollutvalet har eit spesielt ansvar for å følgje opp at fylkestinget sine vedtak i samband med revisjonsrapportar blir følgd opp, jf. kommunelova § 23-2, e.

Rapportering til fylkestinget i tråd med dette skjer normalt i samband med at kontrollutvalet årleg legg fram si årsmelding for fylkestinget til godkjenning.

Det vert tilrådd at kontrollutvalet ber **fylkesdirektøren** komme med ny skriftleg status når det gjeld ferdigstilling av forvaltningsavtale mellom VLFK og Bybanen AS og bestilleravtale mellom VLFK/Skyss og Bybanen AS til møte i kontrollutvalet 13.06.2022. Tilbakemeldinga vert å sende sekretariatet seinast innan 23.05.2022.

Vidare vert det tilrådd at kontrollutvalet ber om ny skriftleg status frå **Bybanen AS** på oppfølging når det gjeld ferdigstilling av forvaltningsavtale mellom Bybanen AS og VLFK og bestilleravtale mellom Bybanen AS og VLFK/Skyss til møte i kontrollutvalet 13.06.2022. Tilbakemeldinga vert å sende sekretariatet seinast innan 23.05.2022.